

EMNENR. 8.

FYLKE: Rogaland.

EMNE: Beit og Brom.

OPSKR. AV: Å nund Ramsfjell.

ADRS: Hjelmeland.

OPLYSNINGAR AV: Jone Eiane f. 9/1 1877, lærar.

---

Beit er brukt her, i eldre tid mest. Brom kjenner me ikkje til. Her heiter det beit både før og etter det kjem litt blad og blokker på kvistene. Det er bjørk ein brukar til beit. Å henta heim bjørk til dette bruket kallar me å beita. Det er på etterjuls vinteren ein hentar heim beit, ofte kjører ein då heim heile bjørker på drog eller meiaslede. Då får ein heim både ved og beit på ein gong. Beitet vert kvista av med lauvsigd. Det er kyrne som får beitet, stundom sau og geit og. Det krøtera ikkje êt vert finhakka og brukt til ondebor. Ferdig beit vart nok ofte lagt i dung ved fjosdøra, ville småkrøter som gjek ute eta av det, så fekk dei det. Den skikken å henta beit på langfredag kan ingen hugsa.